



Mathilde ved Skorpo for to år sidan.

Torsdag 15. oktober skal dei 20 elevane i 6. og 7. klasse i Uskedalen på museumstokt med hardangerjakta Mathilde,

Den seglande leirskulen har Kvinnherad på programmet denne veka og tildels i neste veke. At det blir ei spanande veke for dei unge er det ikkje tvil om.

Det startar måndag for Hatlestrand og tysdag er det Malmanger sin tur. Uskedalen står altså på planen torsdag og Bringedalsbygda kjem fredag. Sunde har fått måndag 19. oktober til disposisjon og så rundar Tofte av tysdag 20. oktober.

Opplegget er kvar dag det same, med avreise klokka 9. Båten legg til kai att klokka 13.30 og då har elevane først fått ein grundig gjennomgang av tryggleiken på sjøen. Deretter får dei fortalt skuta si søge og neste post på programmet er instruksjon i sjømannskap og korleis arbeidet ombord er fordelt.

Mannskapet har med seg biletspelet Nordlandsfarten som vert vist i rommet. Det utfyller forteljingane til mannskapet og set transporten langs kysten og i fjordane for rundt 100 år sidan inn i eit historisk perspektiv. I høveleg ver vert det sjølvsagt sett av tid til segling. Det vert heist segl og dei modigaste får klatra i riggen. Mathilde legg i alle høve frå kai og vil mesteparten av tida vere ute på fjorden.

Det heiter i innbydinga at elevane må ha med niste men at dei får servert varm kakao! Noko anna som er viktig er at de kler seg godt og er kledd for å vera ute uansett ver.

Mathilde er ingen framand gjest i farvatna våre, ho er rett som det er å sjå hos Ole Kristoffer Vågen på Skorpo. Jakta frå 1884 vart faktisk også bygt i Kvinnherad, hos Ola H. Nerhus på Ølve. For å finne høvelege furumaterialar reiste han tvers over sundet der det var fin skog. Mathilde fekk namnet etter ei særskild avhalden kvinne i familien.

Nerhus-slekte segla med jakta til ho vart seld til Jondal. Etter å ha vore brukt til fiskeoppkjøp i Nord-Noreg vart ho i 1916 seld ut av distriktet og skifta eigar mange gongar. I 1984 fekk ho eit nytt liv då ho vart seld på tvangsauksjon til Stiftinga Hardangerjakt i Norheimsund. Fem år etter var ho ferdigrestaurert attende til opprinneleg utsjånad etter også å ha vore motorfartøy.

Sidan har ho vore brukt til leirskule, museumstokt og chartersegling. No tilhøyrer ho Hardanger Fartøyvernssenter.

I Uskedalen har ho også vore konsertarena - for fylkesmusikarane.

Ho har sengeplass til 25 og eit mannskap på fem.

Av Ola Matti Mathisen